



Suldal
ROGALAND

Forvaltningsplan

2020-2023

- utvalde kulturlandskap Suldal



Utarbeida av

Fylkesmannen i Rogaland, Rogaland fylkeskommune, Suldal kommune og grunneigarar

-2019-

Forord

Denne forvaltningsplana er utarbeidd for Rogaland sitt utvalde kulturlandskap i jordbruket i Suldal kommune.

Arbeidet med forvaltningsplana er koordinert av Fylkesmannens landbruksavdeling i samarbeid med Fylkesmannens miljøvernnavdeling, kulturminneforvaltninga i Rogaland fylkeskommune, Suldal kommune og grunneigarar.

Følgjande personar vore med i utarbeidingsa av forvaltningsplana :

- Fylkesmannen i Rogaland : Nono Dimby, landbruksavdelinga Astrid Brømmeland .
- Fylkesmannen i Rogaland : Einar Heegaard, miljøvernnavdelinga.
- Rogaland fylkeskommune : Angunn Skeiseid, arkeolog på seksjon for kulturarv.
- Suldal kommune : Endre Gjil, jordbruksjef.
- Grunneigarrepresentantar : Neri Havrevoll, Jarle Tveit og Kolbein Havrevoll.
- Grunneigarar og naboar i grensa til dei utvalde områda.
- Norsk Landbruksrådgiving Rogaland: Annlaug Fludal.

Vi vil takke alle delaktige for samarbeidet.

Stavanger, 28. november 2019



Nono Dimby

Fylkesmannen i Rogaland



Innhold

1 Innleiing	4
2 Områdeskildring	5
2.1 Skildring av det/dei utvalde områda	6
2.1.1 - Geologi, berggrunn og topografi.....	6
2.1.2 - Lausmasser, jord og jordsmonn	6
2.1.4 - Kulturminna	7
3 Områdeavgrensing	8
3.1 Arealfordeling og arealbruk	9
3.2 Kort om gardane.....	10
3.2.1 - Hamrabø	10
3.2.2 - Klungtveit	11
3.2.3 - Mokleiv	12
4 Verdiar i UKL-Suldal	13
4.1 Biologiske verdiar med kulturmarkstypar	13
4.2 Kulturhistoriske verdiar	14
4.3 Heilskapleg kulturlandskap	15
4.4 Kontinuitet og tidsdjupne.....	16
4.5 Representativitet og sær preg	16
4.6 Formidlingsverdi	16
5 Utfordringar	18
5.1 Landbruk.....	18
5.2 Biologisk mangfold	18
5.3 Kulturminna	18
5.4 Friluftsliv	19
5.5 Samordning av tiltak	19
5.6 Reiseliv	20
5.7 Næringsutvikling	20
6 Visjonar, mål og prioritering av tiltak.....	21
Hovudvisjon	21
Mål.....	22
Landbruk	22
Biologisk mangfold	22
Kulturminna	22
Friluftsliv	22
Samarbeid på tvers.....	22
Reiseliv.....	22
Næringsutvikling	22
Prioritering av tiltak	23
7 Lovverk - status og tiltak	24
7.1 Lovverk	24
7.2 Kommuneplan for Suldal kommune 2015-2024	24
7.3 Kulturminneplan Suldal kommune	24
7.4 Kommunal tiltaksstrategi for SMIL-midlar.....	24
8 Kostnadsoverslag og finansiering	25
8.1 Kostnader 2020 - 2023	25
8.2 Behov for UKL-midlar og prioritering av tiltak	26
8.3 Finansieringskjelder.....	27
Fagleg grunnlag	28

1 Innleiing

Utvalde kulturlandskap i jordbruket (UKL) er eit samarbeid mellom Miljøverndepartementet og Landbruks- og Matdepartementet. Riksantikvaren, Direktoratet for naturforvaltning og Landbruksdirektoratet har sidan starten i 2009, hatt hovudansvar for gjennomføring av UKL-satsinga. Dei utvalde områda omfattar kulturlandskap i jordbruket med verdfulle heilskaplege verdiar på biologisk mangfald, eldre- og nyare tid si kulturhistorie, og som er realistisk å halde ved like på lang sikt. Aktive bønder med vilje og interesse til å ivareta verdiane i kulturlandskapet ligg til grunn for UKL-satsinga. Fleire fjellgardar i Suldal kommune fekk sin UKL-status i 2018. Innan 2020 vil 46 områdar i landet ha denne statusen.

UKL-områda i Suldal har er eit innhaldsrikt jordbruksprega kulturlandskap med stor breidde i naturfaglege, historiske og landskapsestetiske verdiar. UKL-Suldal har i stor grad beholdt eit kulturlandskap med lite preg av dagens moderne og intensive landbruk. Mange steinmurar, gamle bygg, stølsvollar, kydlestuvar i eit bratt kulturlandskap og få tekniske inngrep i kulturlandskapet karakteriserer i stor grad UKL-Suldal.

Denne forvaltningsplana er utarbeidd av landbruksavdelinga hjå Fylkesmannen i Rogaland. Fagpersonar hjå Fylkesmannen sin miljøvernnavdeling og fylkeskommunen si kulturminneavdeling har bidrige med innspel til planen. Den kommunale forvaltninga, UKL-grunneigarar og inviterte grunneigarar har bidrige med viktige innspel gjennom møter, telefon og e-post.

Forvaltningsplanen legg til rette for ein langsiktig forvaltning av kulturlandskapsverdiane i UKL-Suldal. Den skildrar områda sine biologiske og kulturhistoriske verdiar, aktuelle restaurerings- og skjøtselstiltak, juridiske og økonomiske rammer, målsetjingar og utfordringar i høve til ei langsiktig forvaltning. Den skal vere ein felles plattform for grunneigarar og stat/kommune for målretta forvaltning og heilskapleg skjøtsel av dette verdifulle kulturlandskapet. Tiltaksplanar og grunneigarane sine avtalar med Staten vil bygge på denne forvaltningsplana .

Mål, visjonar og tiltak er basert på frivillig deltaking frå grunneigarar/bukarar.

Hovudmåla er å ta vare på kvalitetane i dette særprega kulturlandskapet, oppretthalde dagens landbruksdrift, motivere til næringsutvikling ut over den tradisjonelle landbruksdrifta, leggja til rette for friluftsopplevelingar og formidle kunnskap om UKL-Suldal. Grunneigarane vil jobba for eit aktivt landbruk som leverer landbruksprodukt av høg kvalitet, ha beitedyr i kulturlandskapet og at kulturlandskapet skal vere i enda betre stand målt opp mot dagens tilstand. Målretta skjøtsel, kontinuerleg drift med beitedyr og rett type vedlikehald av bygningar er sentrale tiltak for å oppretthalde verdiane. Deltaking frå andre grunneigarar, reiselivs-bransjen, ulike lag og foreiningar er òg verdfull for den vidare satsinga. Arbeidet og framdrifta vil ha ein lokal forankring i Suldal kommune.

Viss verdiane som er beskrivne i denne forvaltningsplana går tapt eller blir stegvis/direkte redusert, kan dette føre til at avtalane bli sagt opp og at området kan miste sin status som "Utvald kulturlandskap".

Både forvaltnings- og skjøtselsplanar kan ved oppdaterast og supplerast med nye opplysningar.





2 Områdeskildring

Suldal kommune ligg nordaust i Ryfylke og er ut frå areal, Rogaland sørstørste kommune. Suldal kommune består av dalføret med Suldalslågen og Suldalsvatnet med sidedalar og omliggende fjelltrakter, områda omkring Sands-fjorden og Hylsfjorden, heile Ropeid-halvøya til Vindafjorden. Den når i sørvest til Jelsafjorden og Erfjorden. Til Suldal hører også Foldøyna utanfor munninga av Vindafjorden og Sands-fjorden. Kommunesenteret ligg på tettstaden Sand.

Det utvalde området i er gardar på Hamrabø, Mokleiv og Klungtveit i Suldal kommune. UKL-Suldal ligg i

- jordbruksregion: Fjordbygdane på Vestlandet og Trøndelag
- landskapsregion: Landskapsregion 23: Indre bygder på Vestlandet
- landskapstype : Innlands skoglandskap med landbruksområde.



2.1 Skildring av det/dei utvalde områda

2.1.1 - Geologi, berggrunn og topografi

Berggrunnen består i hovudsak av granitt som utanom bart fjell har eit tynt lag med jord og stadvis tynt dekke dekt av morene. Området er svært kupert med koller og knausar.


Produktivt innmarksareal er avgrensa til dei lågare morenedekte areala i og mellom brattskråningar samt dei lågare bratte partia mot Suldalsvatnet.

«Grunnfjellet, som her for det meste er granitt og overgangsformer til gneis, vart for 600-700 millionar år sidan slite ned og jamna ut til det ein kalla "det subkambriske peneplan". Denne flata kom så under havnivået for om lag 600 millionar år sidan, og i løpet av dei neste 250 millionar år fekk ein avsett lausmassar på havbotnen. Desse lausmassane vart etter kvart omdanna til sandstein og leirskifer. Under den kaledonske fjellkjedefaldinga for 350 millionar år sidan vart fjellmassane pressa saman og løfta opp. Leirskiferen vart då omdanna til fyllitt. I denne bolken vart også grunnfjell pressa saman til gneis og skove fram over peneplanet. Såleis kan hovudgruppene av bergartar delast inn i tre lag, med grunnfjell nedst, fyllitt i midten og gneis øvst.»

Kjelde: Kulturlandskapet på Mokleiv i Suldal, Kjetil Monstad, 1999.

2.1.2 - Lausmasser, jord og jordsmonn

Ein finn ikkje havavsetningar kring Suldalsvatnet, berre morene med stein, grus og sand (Hoftun 1981). På Mokleiv og Klungveit er det eit høvesvis tynt morenedekke i forseinkingar, medan kollar og knausar er så å seiå utan lausmassar. Berggrunnen er i hovudsak granitt med forholdsvis grovkorna lausmassar. Gardane på Hamrabø har eit tjukkare morenedekke i dei lågare partia. Dette utgjer dermed innmarksareala på Hamrabø.



Utanom område med anten bart fjell eller tynt lag med jord over bart fjell består lausmassane av morenejord i varierande tjukkleik.

2.1.4 - Kulturminna

Gardane på Hamrabø, Havrevoll og Klungtveit er med sine små teigar i brattlendt terregn, representantar for tungdrivne fjellgardar på Vestlandet. Veg hit kom først på 1970 talet.

Det er registrert få automatisk freda kulturminne – altså kulturminne som er eldre enn reformasjonsåret 1537 i området. Det avgrensar seg til funnstader for lausfunn.

Nyare tids kulturminne er det mykje av. Her er døme på særprega gardsmiljø, fjellgardsmiljø med bakkemurar, løypestrengar, kydlestuvar (styvingstre). Gardane her viser korleis ein i tidlegare tider, og berre nokre tiår tilbake, måtte nyta alt som naturen kunne gi, for å klare seg.



Klungtveit med løypestreng, bakkeburar og gamle bygg.



Foto: Nono Dimby

Det som er særmerkt for området er kombinasjonen av eit flott naturlandskap, få tekniske og moderne inngrep og dei godt bevarte kulturmiljøa med gamle bygningar og andre agrare landskapselement.

Dei største verdiane innan UKL-området ligg i dei mange og gamle bygningane og stølshus. Mange bygg ligg i SEFRAK registeret (Sekretariat for faste kulturminne) med vernekategori A. Bygningane/bygningsmiljøet har dermed fredingspotensiale etter kulturminnelova.




Driftsbygningen i gardstunet på Bjørknes. 2018

Foto: Monica Dahlmo

3 Områdeavgrensing

Kjerneområdet «UKL-Suldal» er avgrensa til eigedomane til grunneigarane som er med på UKL-satsinga. UKL-området ligg kring innmarksareal med bygningar, slåttemark med kydlestuvar, og areal med bygningar kring stølane.



Kart med områdeavgrensing UKL-Suldal

Kjelde: Gårdskart, Skog og Landskap

3.1 Arealfordeling og arealbruk

Gnr/ bnr	Grunn- eigar	Full- dyrka jord	Overfl.- dyrka jord	Inn- marks- beite	Produktiv skog	Uproduk- tiv skog	Myr	Fast- mark	Anna	Sum
47/2	Eirik Moe		5	36	233	574	14	33	1	896
48/1	Eirik Moe	10		61	724	352	4	41	33	1 225
47/5	Audun Inge Myhre m.fl			4	63	105		1	1	174
49/1	Jarle Tveit	29	12	74	1 638	929	240	3	5 729	8 653
50/1	Erik A. Havrevoll	22	3	91	316	1 322	79	431	632	2 896
51/1	Kolbein Havrevoll	57		80	1 645	3 945	104	2 075	4 116	12 022
50/3	Sveinung Havrevoll	88	8	127	574	704	57	79	542	2 180
Sum		206	28	473	5 193	7 931	498	2 663	11 054	28 045

Av dei fem av gardane med varierande grad av aktiv drift, har to ein moderne drift. Drifta er likevel avgrensa og tilpassa dei krevjande utfordringane som topografien på brattlendte gardar byr på. Ein av grunneigarane, Kolbein Havrevoll, sa følgjande:

«*Hjå meg tar slåtten minst 2 veker. Eg kan ikkje nytte moderne slåtteutstyr på dei bratte teigane mine.*»



Kulturlandskapet på Hamrabø, 1941

Kjelde: Digitalt museum

3.2 Kort om gardane

3.2.1 - Hamrabø

Det er fem bruk på Hamrabø som blir drivne frå svært ekstensivt til mindre intensivt. Dei ligg frå 200 til 550 m.o.h.. Gardbrukarane driv med mjølkeproduksjon, sau, purker og smågris. Nokon har småkraftverk og andre turisme. Kvelven har eit aktivt næringsliv. Bruka ligg i bratt terren og er tungdrivne. Inntil heilt nyleg blei det slege med ljå. 2-hjuling er i drift på store areal kvart år. På Havrevoll er 30 stakktufter sett i stand der òg stakkstøet, - treet i senter er kome på plass. Utmarka utanom stølsområda er og godt eigna til friluftsliv, jakt og fiske.



Kulturlandskapet på Havrevoll, 1941

Kjelde: Digitalt museum



Steinmur og gammalt bygg hjå Erik Havrevoll, 2018

Foto: Nono Dimby

3.2.2 - Klungtveit

Eit stort område er gjerda inn og blir nytta til sauebeite. Husa og området vert nytta til "gards-turisme". Her blir det arrangert pilegrimsvandringar langs gamle ferdselsårer, og i samarbeid med Den norske kyrkja. Bygg blir nytta som kunstnarbustad i samarbeid med ymse kunst-institusjonar, og til jaktag. Mange kydlestuvar vert skjøtta jamleg.

*"Spesielt fint terrassemurarbeid finn me på Klungtveit. **Stakktufter** er vitnemål om slått i utmark og hei som var svært viktig i det gamle jordbruket, i mange grender langt inn på 1900-talet. Som eit synleg vitnemål finn me ringmurar i stein som verna høystakken mot beitedyra, gjerne i stølsregionen.*



Kulturlandskapet på Klungtveit, 2018

Foto: Nono Dimby



Beitedyr på Klungtveit

Foto: Eirik Moe

3.2.3 - Mokleiv

Mokleiv har 7 hus som alle er sette i kl. B i Sefrak. Husa er frå 1800-talet, og er haldne i sin opphavlege form. Tunet er omgitt av eit historisk kulturlandskap og heile miljøet er svært autentisk. I forfall. Eit våningshus på Mokleiv øver er sett i kl. A i Sefrak. Dei sørvende liane i Hylsdalen utmerkar seg som eit godt døme på kulturskogar og hagemark.



Vinter i Mokleiv. Styvingstrær i bakgrunnen. Dei to mindre husa til høgre sauehus og geitehus, er gjenreist og rommar nå eit komande litteraturmuseum. Kjelde: Eirik Moe



Flyfoto frå Mokleiv, truleg frå 50- eller 60-talet. Det er håndkolorert. Kjelde: Eirik Moe

4 Verdiar i UKL-Suldal

4.1 Biologiske verdiar med kulturmarkstypar

Naturtypekartlegging har dokumentert svært viktige beitelandskap/haustingsskog, men ikkje slåttemark. Følgjande er registrert i Naturbase:

- Mokleiv øst for Kloppåsen: haustingsskog med edelløvtrær. Svært viktig.
- Mokleiv – Klungtveit er hagemark. Svært viktig.
- Mokleiv: Moen og Lunden er hagemark med ask. Viktig.
- Klungtveit, nedanfor er hagemark med ask. Viktig.
- Klungtveit ovanfor er naturbeitemark. Viktig.
- Klungtveit: Nedstastølen er naturbeitemark. Viktig.
- Mokleiv nordaust er hagemark. Viktig.
- Mokleiv ovenfor vegen er hagemark med ask. Svært viktig.



Kydlestuvar, Øvre Mokleiv

Foto: Nono Dimby



Kydlestuvar med innmark på Havrevoll

Foto: Nono Dimby

4.2 Kulturhistoriske verdiar

Det har vært full gardsdrift i området i hundrevis av år, truleg så langt tilbake i som i middel-alderen. Einskilde funn kan tyde på at det har vært folk som har nyttet området til jakt og kanskje enklare bustader enda lengre tilbake. Det er truleg ennå mykje som ikkje er utforska omkring dei aller eldste kulturminna. Det brette landskapet er kultivert med murar, veiter, steingardar, stiar, trapper, rydningsrøyser, mv... gjennom svært lang tid. På uventa plasser, kring liane, oppdagar ein stadig spor etter tidlegare tiders verksemd, og nokon av desse tydeleg svært gamle.



Bevert gammal reiskap på Bjørkenes. Foto: Nono Dimby

Mokleiv/Hamrabø var veglaust like fram til slutten av 1970-talet. Fram til den tid vart den naturlege, erfaringsbaserte utviklinga av jordbruket og verksemda på gardane prega av dei handlingsrom som vegløysa var med å definere. I seinare år er dei fleste bruk kontinuerleg vidareutvikla og moderniserte i takt med den utviklinga innan landbruket.



Gamle bygningar på Havrevoll

Foto: Nono Dimby

På Mokleiv blei drifta videreført, men avgrensa ut i frå at det var gamle folk som i stor grad dreiv vidare slik tidlegare generasjonar hadde gjort. Dette fordi det ikkje var unge på garden til å ta over drifta. Dermed blei òg denne garden i større grad bevart i sin opphavlege form, både med omsyn til hus og landskap. Her har den noverande eigaren satsa på å vidareføre tradisjonar, vedlikehalda hus og landskap og arbeide for å finne ei berekraftig driftsform innan det handlingsrommet som er å finna i vår tid.

Av omsyn til immaterielle kulturminne, har stadnamn og kulturminna i området blitt kartlagt i fleire omgangar. Dette var eit tiltak for å ta vare på gamle stadnamn som var i ferd med å forsvinne. I tillegg har forfattaren Jon Moe i fleire tekstar beskrive landskap og kultur i området.



Litt av innhaldet i eldhuset i Øvre Mokleiv

Foto: Eirik Moe

Eit lite museum og eit litteraturhus der Jon Moe sine tekstar skal fungere som introduksjonar til landskap og kultur, er snart klart. Planen er å leggja litteratur ut i landskap i form av tilrettelagde stiar og vegar.

4.3 Heilskapleg kulturlandskap

UKL-Suldal er innafor områda som frå før av er definert som omsynssone i kommuneplana for Suldal kommune. Bygningar i UKL-Suldal er òg nemnt i Suldal kommune sin kulturminneplan. Området inneheld ei stor bredde av interessante bygningar, vegar, kulturlandskap og natur. Samla utgjer dette ein viktig og god heilskap – i eit landskap som strekkjer seg frå Suldalsvatnet, opp lier, i kvelvar og daler og like opp til stølsmiljø i høgfjell der òg landskapet vekslar mellom sletter, knausar og bratte fjell.



Utsikt over Klungtveit og Suldalsvatnet (1999)

Foto: Audun Myhre

4.4 Kontinuitet og tidsdjupne

Kulturlandskapet har vært i kontinuerleg drift til i dag. Området bærer framleis sterkt preg av eldre, tradisjonell driftsformer, landskap som er kultivert gjennom generasjonar og bygningar og tun som til dels er bevarte i gammal stil, dels ennå ber spor etter fortida. Det er variasjon i type drift på gardane i de ulike områdene.



Øvre Mokleiv: Eldhuset og den gamle stovemuren, ca. 1900 og ca. 1940-åra. Kjelde: Eirik Moe

4.5 Representativitet og særpreg


Området er representativt for fjellgardsmiljø på Vestlandet og har også sær preg, som for eksempel Hamrabøkverven. Det store talet kydlestuvar, truleg fleire tusen er òg eit sær preg for området. Desse intakte fjellgardane utan store inngrep i seinare tid står i sterkt kontrast til kva folk elles forbinder med landbruk i Rogaland. Intakte fjellgardar

4.6 Formidlingsverdi


Området ligg i direkte tilknyting til nasjonal turistveg Ryfylke Rv13 som går gjennom området. Følgeleg er det moglegheiter for interesserte å stanse og sjå.



Nasjonale turistveger
Norwegian Scenic Routes



I fjor høst tok familien Vollberg med seg i helikopter til stasjonen.



Svinstølen stasjon var ikke stas, men har nemneverkje tilbod her til påska i 1877. Foto: Privat.

Det går mange turstiar og gamle ferdelsårer frå gardane og innover i Suldalsheiane. Ved sidan av mange gamle intakte bygningar står det at mykje gammal landbruksreiskap på gardane.

Tre av grunneigarar ønskjer å lage gardsmuseum for å vise fram historia og knytte dette delvis til næringsutvikling.

Ein har i området bra tilfang av relevant historisk dokumentasjon, både i form av formelle registreringar og kartleggingar, munnleg og skriftleg dokumentasjon og foto, frå historiske bildar i private og offentlege samlingar (Ryfylkemuseet) fram til, - til dømes fotodokumentasjonen og utstillinga som blei laga om livet på garden til Sveinung Havrevoll.

Det er naturleg at formidling kan skje til dømes ved, og i, det gamle skulehuset i Hamrabø og ved, og i, det gamle tunet i Øvre Mokleiv, kor det alt er under etablering eit litteraturmuseum/ senter. Begge stader er det naturleg å formidla bredda i konseptet "Utvalde kulturlandskap".

Gjennom generasjonar her ein i dette området vore flinke til å ta vare på både bygningar og landskap. Erfaringar og kunnskap er overlevert frå den eine til den neste generasjonen i lang tid.



Marit og Jarle Tveit har opna selskapslokale i den gamle driftsbygningen på garden Børkjenes på Hamrabø (artikkel i gratismagasinet for Suldal og Røldal frå 2012).

KULTUR

Utstilling Fotodokumentar



Det var eit premiesamt, han skulle hatt det med til Dyrskauen hjå Megetdal. Men så brakk det nakkene etter at stanga med ein annan vifte. Sveinung Havrevoll fortalar overlapt. FOTO ANDERS MINGE

– Ikjje mobb bonden vår

► Dei meiner vankunna om bonden er stor. Difor har fotograf Anders Minge og journalist Harald Birkevold laga fotodokumentar frå ein fjellgard i Suldal.

SULDAL

Torsnø opp Sveinung Havrevolls bider til saman 8000 timer i året. Etter at han har slappet dei i vinter, blir dei ført til Hamrabø. Sveinung og 16. generasjonen som er med i denne arbeidsprosesset, har ikke fått gleda over det et uværlig lag for ein. I tillegg har det et sterre sal.

Lia og eit halvtår har han Minge og Birkevold følgd bonden gjennom alle feste og feiringar. Menge og omsorg er av Stavanger Atheneum og Suldal.

Måndag kveld blei utstillinga opna i Suldal Kulturhus. Her vilde Marit og Jarle Tveit også til.

Sveinung Havrevoll fortelar at han har kona bli med på dette før å sette opp selskapslokala.

– Men ønsker at landet også i framtid skal ha det godt. Det er viktig at folk som gjer det mogleg å drive slik som oss.

Opninga trekte full hus, men

Sveinung meiner det ikkje er luktalt kampen står.

– Suldal er folk på bondene si i landet som har vore det med tiden. Utstillinga til som styrer held til, understrekar han.

– Bondesamfunnet vart et dokumentaristisk prosjekt med fotodokumentarist og spesielt medforskarar.

Hytteliv-ostatistar?

– I mange sitt liv er bonden berre ein ramme for hyttelivet. Han er ikke en særskilt skapning. Han er frå knær, men mange meiner mykje om det.

Brygutane Harald Birkevold og Anders Minge har begge levde nær Marit og Jarle Tveit og kjenner landet godt.

Sveinung Havrevoll fortelar at han har kona bli med på dette før å sette opp selskapslokala.

– Men ønsker at landet også i framtid skal ha det godt. Det er viktig at folk som gjer det mogleg å drive slik som oss.

Opninga trekte full hus, men



Det viser over nikkarsdalein som vil ha bonden på stas for å fortelle om bondene. Foto: Anders Minge



Vægen og gjennomsetret Det viser over nikkarsdalein som den sidrunna og gamaladige bonden til livs.

– Vi vet at Suldal har betre bruktmark enn andre delar av landet, og bondene i Hamraheib held seg orientert så de kan praktisk like gjerne gå om bord i en båt i Japan, fortel Birkevold.

Harald Birkevold og Anders Minge var på tradisjonelle driftsmilat. Begge er opprinnelte av årlava mose i Eidsfoss og ville ha tilbakadato det hjelpe i iddet som trenget.

Fotografen takkar ekspertane for å ha sagt nei til kameraet og komme inn i ei høyde lett på over lang tid.

– Det har vært et godt samtal og monolog som strekkar Minge.

HEIDI HJORTLAND WIGESTRAND

TAR VARE PÅ TIDEN



Inn i går gikk det opp i tiffeldigheten inn og gjort livet tan om ny vonding. Lia ønsket takmannen og megnokapstofar Jarle Tveit til gjestemøtet. I løpet av nærmere fem tiår har Lia vist seg veldig god til gjestene med et blanke tilrettelagning.

Oppdraget til selskapslokale

Sveinung havrevar er den einaste som har godt med arbeidskraftane. Dei er godt til gjengjeld, heldig, heldig, heldig. Heldig er det at Marit og Jarle Tveit har vist seg interesserte i å åpna selskapslokale i den gamle driftsbygningen på garden Børkjenes. Det er ikke først i denne tida at Marit og Jarle Tveit har vist interresse for å få tilbake det som var der i tiden då dei var barn. Det er ikke først i denne tida at Marit og Jarle Tveit har vist interesse for å få tilbake det som var der i tiden då dei var barn.

– Det er ikke først i denne tida at Marit og Jarle Tveit har vist interesse for å få tilbake det som var der i tiden då dei var barn. Det er ikke først i denne tida at Marit og Jarle Tveit har vist interesse for å få tilbake det som var der i tiden då dei var barn.

Det er ikke først i denne tida at Marit og Jarle Tveit har vist interesse for å få tilbake det som var der i tiden då dei var barn. Det er ikke først i denne tida at Marit og Jarle Tveit har vist interesse for å få tilbake det som var der i tiden då dei var barn.

Det er ikke først i denne tida at Marit og Jarle Tveit har vist interesse for å få tilbake det som var der i tiden då dei var barn. Det er ikke først i denne tida at Marit og Jarle Tveit har vist interesse for å få tilbake det som var der i tiden då dei var barn.

5 Utfordringar

5.1 Landbruk

Det er ei utfordring å gjera brukar i området attraktive for langsiktig drift og for nye generasjonar brukarar. Utfordringa er å finne økonomisk berekraftige driftsformer, tilpassa tilgjengeleg arbeidskapasitet – og balansert i høve til forvaltaransvaret med omsyn til biologisk mangfald.

Det er stadig behov for gjerding grunna endra driftsform og dels erstatning for gamle. Noko av desse gjerdene er likevel noko ein må pårekna ligg innanfor den normale drifta på dei gardane med aktiv drift. Gjerding i særstak bratt terreng er likevel ei stor utfordring for grunneigarane.



Utsikt frå Havrevoll

Foto: Nono Dimby

5.2 Biologisk mangfald

Utfordringa er å finne balanserte driftsformer der det er økonomisk forsvarleg landbruksdrift balansert mot aktive strategiar for å bevara naturens mangfald av både artar og naturtypar. Dette fordrar auka kunnskap og realistiske drifts- og tiltaksplanar.

Utanom kydlestuvar er det manglande oppdatert informasjon om biologisk mangfald i UKL-Suldal. Dette ligg til grunn for at nye registreringar bør vere ein del av UKL-satsinga.



Kydlestuve på Havrevoll

Foto: Nono Dimby

5.3 Kulturminna

Trass i at eit betydeleg tal bygningar i tun og i landskap er anten fullrestaurert eller reparert slik at fullrestaurering kan utsettast fleire år, står mykje att. Det å prioritera kva bygg som skal ivaretakast er ei utfordring framover.

Det er eit aukande behov for vøling og vedlikehald av støttemurar i stein, bakkemurar, steinsette bekkefar, veiter, steingardar og gamle ferdselsårar med bruver. Kulturlandskapselement blir borte òg ved attgroing og ved utviding av innmark. Det er ei utfordring å få alle desse tiltaka inn i ein større plan, med ei meir forutsigeleg finansiering.

Utfordringa er å finne ein form som kan ivareta ein langsiktig forsvarleg økonomi og som er balansert i høve til ansvaret for formidling om og ivaretaking av biologisk mangfaldet.



Gamalt bygg på Havrevoll

Foto: Nono Dimby

5.4 Friluftsliv

Området har alt eit betydeleg tilfang av gjester, dels folk som har hytter i området, dels folk som berre kjem for å sjå naturen og kulturlandskapa. Her har vore både ungdommar og oldingar, spedbarn og rullestolbrukskarar. Fjellområda blir nytta av friluftsinteresserte året rundt. Folk har svært ulike oppfatningar av korleis ein god tur skal være. Grunneigarar er samde om at til rettelegging for friluftsliv er noko dei vil satse på framover. Av den grunn kan det være at ein i prosjektet skal sjå på plan for og tilrettelegging av turvegar.

Det kan også vurderast om det som ein del av planen kan vurderast om enkelte stølshus kan leggjast til rette for sjølvbetjening for folk som vil bli meir kjende med kulturlandskapet i heiane. Dette kan utførast som en del av satsinga på næringsutvikling i UKL-Suldal.



Sherpaer restaurerer gammal ferdelsveg på Mokleiv

Foto: Eirik Moe

5.5 Samordning av tiltak

Det er mellom anna gamle ferdelsvegar som kryssar nabogrenser, som i dag ikkje er i bruk. Ulike typar for informasjon til omverda kan med fordele koordinerast og det vil etter som prosjektet stig fram, vera behov for erfaringsutveksling. Grunneigarar bør yte ein felles innsats for heilskapleg skilting, felles brosjyre og ved ansvar for ulike arrangement i UKL-Suldal.

5.6 Reiseliv

Hamrabø har Bjørkenes tunet med 16 hus tett i tunet. På garden har det vert bryllaup og tilstellingar i år etter dei har utvikla løa til festlokale i 2017. Mange nyttar Hamrabø som utgangspunkt for fjell- og toppturar i området. Fleire grunneigarar ønskjer å legge til rette for å å nytte nokre av dei mange stølsbygningane til overnatting



Servering i den gamle driftsbygningen på Børkjenes

Foto: Nono Dimby

På Klungveit/Mokleiv legg dei opp til å formidle kulturhistoria gjennom gardsmuseum, vandring på ferdsselsårar som blei nytta av pilegrimar og aktiv formidling av kunnskap om kydlestuvor på Internett. Dei legg òg opp til ei reiselivssatsing dels i samarbeid med Energihotellet på Nesflaten. UKL-statusen gir opning for ei samordna innsats for i få fleire besökjande inn til Suldal.

5.7 Næringsutvikling

Kultur, natur, jordbruk, handverk og anna næring. I ei varierande blanding vil det enkelte bruk, og den enkelte brukar, finna kvar si løysing for berekraftig livsgrunnlag. På same måten som dei gjorde det den gongen gardane i området ble rydda og nydyrka, truleg ein gong i middelalderen, utforska dei landskap, ressursar og moglegheiter – og fant løysingar som var det rette løysingar i dette særeigne og krevjande landskapet – slik må det òg i dag finnast unike løysingar som er tilpassa denne staden, for dei folka som er her nå, for dei moglegheiter som er her nå.

Med statusen som Utvald kulturlandskap tek ein på seg ei forplikting – samstundes som ein òg får ein status som skal gi bidrag til å sikre grunnlaget for framtida.



Aktivt landbruk og næringsutvikling hand i hand? Sauar på Børkjenes

Foto: Rune Roaldkvam

6 Visjonar, mål og prioritering av tiltak

Dei utvalde områda i Suldal har eit kulturlandskap som i liten grad er prega av dei siste tiår med sterkt mekanisert landbruk. Terrengoverflata, landskapsbiletet, vegetasjonen og natur- og kulturverdiane har i liten grad vært utsett for irreversible påverknadar.

Sær preg er mellom anna det store talet kydlestuvar, mange gamle bygningar i varierande stand, intakte gamalt driftsutstyr som var naudsynt for gardsdrift i krevjande bratt terreng og fleire urørte stølsmiljø.

Det særegne for UKL-området er kombinasjonen av eit flott naturlandskap med få tekniske/ moderne inngrep og godt bevarte kulturmiljøa med gamle bygningar og andre landbruksretta landskapselement.

Det tradisjonelle kulturlandskapet med tilhøyrande landskapsmessige-, kulturhistoriske-, og naturverdiar blir endra og mange verdiar går tapt eller blir redusert.

Hovudvisjon

Levande kulturmiljø, levande naturmiljø, - og levande landbruksbygd med beitedyr i kulturlandskapet i Suldal.

Kulturlandskapet i dei utvalde områda skal framover vere i enda betre stand målt opp mot dagens kvalitetar.

Målretta næringsutvikling med grunnlag i heilskapen av verdiar som ligg i UKL-Suldal.



Klungtveit

Foto: Audun Inge Myhre

Mål

Landbruk

Målet er å ta vare på det tradisjonelle, erfaringsbaserte og velutvikla jordbruket, sikre ei god og naturleg økonomisk utvikling for dette, vedlikehalde kulturlandskapet, oppretthalde den gamle kydle-/styvingstradisjonen og bevare det biologiske mangfaldet.

Vidare er det eit mål å kunne produsere kjøtt av høg kvalitet frå dyr som har beita i dette kulturlandskapet.

Biologisk mangfald

Målet er komme i gang med gode og langsigtige tiltak som sikrar at området sitt biologiske mangfald med til dømes kydlestuvor og slåttemark, kan bli ivaretatt.

Kartlegging av biologisk mangfald er i fleire høve naudsynt.

Kulturminna

Restaurere/gjenreise og ta i bruk kulturminna både i bygningar og i landskap i ein slik grad at det samla kan gi ei god ramme for ei berekraftig drift av kultur- og landbruksverksemd.

Friluftsliv

Målet er å få tilrettelagt og gjort kjent eit passande turvegnettverk med historisk informasjon og naturinformasjon. Fleire stølshus og nokre restaurerte høyloer skal kunne kartleggast som moglege sjølvbetjeningshytter for folk som nyttar turvegnettverket.

Samarbeid på tvers

Målet er å få samordna informasjonsarbeid ut til omverda om kva verdiar som ligg i dette området. Informasjon om korleis ein kan få sjå området og kor ein kan få ulike opplevelingar. Området mellom Hamrabø og Mokleiv har eit svært interessant og kupert terreng. Likeins området vidare opp mot heia. Her er fleire grunneigarar, og felles løysingar kan være aktuelle.

Reiseliv

Parkeringsplassar, legge til rette for å ta imot gjester. Området i Hamrabø er mykje nytta til fjellturar. Og det kan vere eit mål å ha noko formidling. Enten gjesten bere vil innom ein rask tur i forbifarten, eller om han ynskjer å bruke heile dagen, eller kanskje overnatte. Det kan vere eit naturleg mål å ha informasjonspunkt både i Hamrabø og i Mokleiv.

Næringsutvikling

Aktivt landbruk må liggja i botn på forvalningsplana for Hamrabø Mokleiv og Klungtveit. Utan aktivt landbruk er det ikkje mogleg å drifte eit aktivt kulturlandskap. Ein må samstundes ta omsyn til at nokre av gardane har lite arealgrunnlag for ein drift etter dagens krav.

I tillegg bør ein sjå på foredling av lokale ressursar både av landbruksprodukt og vasskrafta frå eit verna vassdrag i tillegg til reiseliv.

Prioritering av tiltak

Eit aktivt landbruk med matproduksjon, busetting, landskapspleie og næringsutvikling står sentralt i UKL-Suldal.

Individuelle tiltaksplanar skal ligge til grunn for målretta tiltak.

Sakene handsamast etter gjeldande forskrifter og etter avtalar om skjøtsel og tiltak.

Fotodokumentasjon før og etter tiltak i kulturlandskapet er viktig.

Sjølv om aktivt landbruk er heilt avgjerande bør løying av midlar leggja vekt på den ekstra innsatsen grunneigarane gjer ut over den normale landbruksdrifta.


- Aktivt landbruk kombinert med tiltak som kjem utanom den normale drifta.
- Gjerding for aktiv drift i nær tilknyting til innmark.
- Auke talet på kydlestuvar i skjøtsel, nye kydlestuvar som med tid kan erstatte eldre styvar.
- Rydding av småskog og fjerne framande arter for å hindre attgroing og halde eit variert opent kulturlandskap.
- Restaurere fleire bygningar inkl. stølsmiljø dels for å gi bygningane ei meir aktiv rolle innanfor eller utanfor den eksisterande gardsdrifta.
- Skjøtsel av beite- og gamal slåttemark i bratt terreng som krevjar ekstra innsats mot attgroing.
- Tilrettelegging for friluftsopplevelingar:
Turstiar, parkering, skilting, gjerdeklyvarar, overnatting mv...
- Gjere UKL-Suldal kjend i og utanfor Suldal:
Formidlingsopplegg, utstilling, kurs, film, museum, slåttedagar mv...
- Næringsutvikling:
Utvikla eit tilbod til samfunnet ved sidan av den reine landbruksdrifta er tufta på alle verdiane som ligg i UKL-Suldal (kultur-, gards- og bygningshistorie).

7 Lovverk – status og tiltak

7.1 Lovverk

- Forskrift om tilskudd til tiltak i Utvalgte kulturlandskap i jordbruket og verdensarvområdene Vegaøyane og Vestnorsk fjordlandskap.
- Forskrift om tilskudd til spesielle miljøtiltak i jordbruket.
- Lov om kulturminner [kulturminneloven].
- Lov om forvaltning av naturens mangfold (naturmangfoldloven).

7.2 Kommuneplan for Suldal kommune 2015-2024



Området Mokleiv er omsynssone prioriterte kulturlandskap og kulturlandskapsverdiane skal tilleggas avgjerande vekt i arealforvaltinga i desse områda. Ei nærmare presisering av kva som skal leggjast vekt på i handsaming av saker i dei utvalde områda vil bli utforma ved rulleringa av kommuneplanen.

Området langs Hamrabøvassdraget er omsynssone verna vassdrag og vasstrengen/vatn skal forvaltast som Klasse 3 i "Forskrift om rikspolitiske retningslinjer for vernede vassdrag" (1994).


7.3 Kulturminneplan Suldal kommune



Hamrabø, Mokleiv og Klungtveit er definert som representative og særprega gardsmiljø i Suldal kommune.

Mokleiv har 7 hus som alle er sette i kl. B i Sefrak. Husa er frå 1800-talet, og er haldne i sin opphavlege form. Tunet er omgitt av eit historisk kulturlandskap og heile miljøet er svært autentisk. I forfall. Eit våningshus på Mokleiv øver er sett i kl. A i Sefrak. Dei sørvende liane i Hylsdalen utmerkar seg som eit godt døme på kulturskogar og hagemark.

7.4 Kommunal tiltaksstrategi for SMIL-midlar



UKL-Suldal er nemnt i SMIL-strategien til Suldal kommune 2019-2020 der det står:

«I Suldal kommune har me to område definert som nasjonalt verneverdige kulturlandskaps-område: Mokleiv-Klungtveit-Littlehamar-Hamrabø. Dette området er eit av 41 utvalde kulturlandskapsområde (UKL) i Noreg»

Utanom tiltak retta mot biologisk mangfold og planleggingstiltak med ein sats på inntil 100% er SMIL-satsen på inntil 70% for ulike tiltak.

8 Kostnadsoverslag og finansiering

8.1 Kostnader 2020 - 2023

Tiltak		2020		2021		2022		2023	
		Investeringar	Årleg drift	Investeringar	Årleg drift.	Investeringar	Årleg drift	Investeringar	Årleg drift
Planlegging	Skjøtselsplanar	50 000			20 000		20 000		20 000
	Anna kartlegging/registrering	50 000						50 000	
	Arbeid/møter grunneigarar mv...		25 000		25 000		25 000		25 000
	Anna (angi kva)								
Kulturminne (restaurere) (vedlikehald)	Automatisk freda kulturminne								
	Bygningar	300 000		300 000		300 000		300 000	
	Steingardar	50 000		50 000		50 000	20 000	50 000	20 000
	Andre kulturminne								
Biologisk mangfald	Istandsetting slåttemark..								
	Skjøtsel slåttemark...								
	Istandsetting særskilte bio-verdiar	80 000		80 000		60 000		60 000	
	Skjøtsel særskilte bio-verdiar		30 000		30 000		30 000		30 000
	Fjerne framande arter	20 000		30 000		20 000	20 000	20 000	20 000
	Anna (angi kva)								
Skjøtsel landskap	Beiterelaterte tiltak	80 000		80 000		80 000		80 000	
	G.rell landskapsskjøtsel/rydding		80 000		80 000		80 000		80 000
	Anna (angi kva)								
Næringsretta tiltak	Næringsutviklingstiltak (angi kva)	50 000		50 000		100 000		100 000	
	Turstiar og veier	80 000		70 000		60 000		50 000	
	Rydding, avfallsinnsamling...								
	Maskiner og utstyr mv...	40 000		30 000		20 000		10 000	
	Lokale kurs/kompetansetiltak		20 000		20 000		20 000		20 000
Forsök	Prøveflater/registrering i marka			80 000				80 000	
	Anna dokumentasjon								
Formidling	Skilting/profilering	20 000		70 000		50 000	10 000		10 000
	Arrangere: slåtte-,fag-,markdag...				30 000				30 000
	Erfaringsformidling i UKL-områder		20 000				20 000		
	Andre sine arrangement/prosjekt		20 000				20 000		
	Tiltak retta mot media og fagtidsskrifter	10 000			5000		5 000		5 000
	Brosjyrar/bøker		20 000		10 000		10 000		10 000
	Nettsider					10 000			10 000
Sum alle tiltak		830 000	215 000	840 000	220 000	75 0000	280 000	800 000	215 000
Årlege behov		1 045 000		1 060 000		1 030 000		1 015 000	

8.2 Behov for UKL-midlar og prioritering av tiltak

Samordning av UKL- og SMIL-midlar for ein målretta og god gjennomføring av tiltak.

Sjølv om aktivt landbruk er heilt avgjerande bør det ved løyving av midlar leggja vekt på den ekstra innsatsen grunneigarane gjer ut over den normale landbruksdrifta.

Forvaltningsplan og individuelle tiltaksplanar ligg til grunn for at grunneigarane kan søkja om tilskotsmidlar til ulike tiltak innanfor ramma av både UKL-midlane og andre relevante tilskotsordningar.

Tiltak	UKL				SMIL			
	2020	2021	2022	2023	2020	2021	2022	2023
Planlegging	125 000	45 000	45 000	95 000	-	-	-	-
Kulturminne	175 000	175 000	185 000	185 000	175 000	175 000	185 000	185 000
Biologisk mangfald	10 0000	110 000	80 000	80 000	30 000	30 000	50 000	50 000
Skjøtsel landskap	80 000	80 000	80 000	80 000	80 000	80 000	80 000	80 000
Næringsretta tiltak	150 000	135 000	170 000	155 000	40 000	35 000	30 000	25 000
Forsøk	-	80 000	-	80 000	-	-	-	-
Formidling	70 000	45 000	65 000	55 000	20 000	70 000	60 000	10 000
Sum	700 000	670 000	625 000	730 000	345 000	390 000	405 000	350 000



Innhausting på Havrevoll

Kjelde: digitalt museum

8.3 Finansieringskjelder

Landbruket sine tilskotsordningar

Kjelde	Forklaring	Grunneigar	Lokal forvaltning	Fylkesmannen
UKL - midlar	Bundne til skjøtselsavtalar og arealbasert etter verdiar på biologisk mangfald	Årleg søknad i samband med årsrapport	Vedtaks- og utbetalings-myndighet	Klageinstans og rådgjevar
	Til overordna planlegging på tvers av eigedomar, formidling, næringsutvikling, skilt, mm...	Søknad med plan og kostnad	Vedtaks- og utbetalings-myndighet	Klageinstans og rådgjevar
SMIL-midlar	Til eingongstiltak for å ivareta kulturlandskap og hindre ureining	Søknad med plan og kostnad	Vedtaks- og utbetalings-myndighet	Klageinstans
RMP-midlar	For vedlikehald av regionalt utvalde verdiar i kulturlandskapet	Søker sjølv via Internett	Vurderer og fattar vedtak	Klageinstans

Rogaland Fylkeskommune

Kjelde	Forklaring	Stikkord	Søking
UTM-midlar	Næringsutviklingsmidlar	Bidra til auka matproduksjon, utvikle og modernisere tradisjonelt og økologisk landbruk og utvikling av andre landbruksbaserte næringar (gardsmat og reiseliv)	Søker sjølv via Internett
Spele-midlar	Tilrettelegging for fysisk aktivitet	Turstiar, ridesti, turvegar...	

Suldal kommune

Kommunale midlar	Suldal kommune bør bidra med midlar på tiltak i UKL-områda som kjem lokalsamfunnet til nytte.	Ein eller fleire grunneigarar søker sjølv til kommunen.
-------------------------	---	---

Andre relevante finansieringskjelder

Kulturminnefond	Nasjonalt tilskot for å ivareta særsviktige kulturminna.	Søknad via Kulturminnefondet sin søknadsportal.
Stiftelsen UNI	Støtte for å forebygge skade og ivareta særsviktige kulturminna.	Søknad direkte til Stiftelsen UNI.

Fagleg grunnlag

Verneverdige hus i Suldal, ein rapport utarbeidd av Anne M. Myhre, KonSul as i samband med Sefrakregistreringa. Omtale av 74 bygningar av ulike slag i vernekasse A og opplisting av 657 stk. tilsvarende i vernekkl.B.

Kulturminne i Suldal, forslag til kommunedelplan utarbeidd av Ryfylkemuseet 1997 på oppdrag frå kommunen. Planen byggjer for ein stor del på SEFRAK-registreringa.

Verneverdige område i Ryfylkeregionen ved Regionplankontoret for Ryfylke 1978, med eit eige kapittel for Kulturvern. I registreringa er det for Suldal kartfesta og dels omtala 228 fornminne, 71 bygningar og bygningsmiljø, 5 ferdselsvegar, 10 "allmenne" kulturminne og 2 bergverk.

Nasjonal registrering av verdifulle kulturlandskap i Norge. Av 104 slike område på landsbasis er det registrert 7 i Rogaland. 1 av desse ligg i Suldal, nemleg Klungtveit/Littlehammar m/omkringliggjande område.

FINK (Fylkesdelplan for friluftsliv, idrett, naturvern, kulturvern), høyringsutkast oktober 2003.

I utkastet er heile dalføret frå Sand til Sandvatnet og området Jelsa – Økstrafjorden – Fåreneset føreslått som såkalla partnerskapsområde, område av særleg interesse for natur/kulturoppleveling og formidling. 36 Sefrak A-bygg i kommunen er føreslått verna.

Vakre landskap i Rogaland.

Registrering ved Rogaland Fylkeskommune, ingen formell status. Suldal er representert med heile 22 område, meir enn nokon annan kommune.

Fylkesplan for kulturminner, Rogaland Fylkeskommune 1989.

Planen inneholder ei liste over prioriterte kulturminne i Suldal, og kjem med forslag om freding, om spesialområde og om landskapsvern.

Registreringar av andre kulturminne og eldre kulturlandskap

Me viser her til kap. 4 som gir ei oversikt over freda eller verna kulturminne og kulturlandskap i Suldal.

Verdiar i Hamrabøvassdraget, NVE m.fl. 2000 med m.a. registrering av kulturminne i heile nedbørssfeltet.

Registrering av kulturminner fra nyre tid i Hamrabø. 1983 Åse Jacobsen & Anne Ragnhild Hoel.



Kydlestuve på Havrevoll

Foto: Nono Dimby